



Musikklaget ved Knut Steinsletten overrekker blomar til den humørfylte jubilanten.

**Med utdrag av Jubilantmarsj av Per Olav Paulsen innleia medmusikantane i Uskedal musikklag då dei helsa trommisen sin, Kjell Borge Olsen, då han feira 80 årsdagen sin med gode venner i heimen i Herøysundet onsdag ettermiddag. Det var tydeleg at jubilanten både vart overraska, og sette stor pris på, det spontane innslaget frå musikkvennene.**



God stemning og jubilanten var kjapp til å henta trommestikkene og hiva seg med.

Etter at Kjell Borge Olsen hadde vore svært så positiv publikummar for dette bandet gjennom fleire år, var det stor glede då den profilerte og dyktige jazz-trommisen troppa opp på øving ein tirsdayskveld for nokre år sidan. Kjell hadde tidlegare spelt saman med mange kjende jazzmusikarar, og han kunne også sjå tilbake på om lag 20 års fartstid i Husnes musikklag.

Musikkgjengen i Uskedalen hadde lenge snakka om at dei absolutt skulle hatt ein trommis. I Kjell Borge Olsen fekk dei ikkje berre dyktig og erfaren slagverkar. Dei fekk også ei 'humørbombe' som passa svært godt inn i den muntre gruppa. Derfor var det ekstra kjekt å få heidra han med musikk på den store dagen hans. Musikarane tok plass på den store terrassen eit par timar etter at gjestene hadde fylt stova i heimen til Kjell og Reidun. Etter Jubilantmarsj var det helsingord/blomeoverrekking og takketales frå jublanten før musikarane framførte 4 nummer frå det varierte repertoaret sitt. Den overraska jublanten vart kjapp til å henta utstyret sitt og spelte med.

Heile gjengen vart så invitert på kjempegod bursdagskake og kaffi. Stemningen var topp både på terrassen og inne i stova. Og det vart meir musikk. Hans D. Gertz er ein meister på munnspel og han framførte ein av Erik Bye sine kjende melodiar på munnspel. Jublanten fulgte opp med å synge ei skikkeleg tjuaguttvis på skikkeleg bergensk vis akkompagnert av seg sjølv på klikkertar. Stemningen var akkurat slik som den skal vera, når ein så ung og humørfylt 80 åring fyller år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kristian Hus